Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eilin Houlison Molvik | 10.05.2023 |
| Vår: 23/2923 - 23/35667 | eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no | |

# Oversender søknad til uttale - gbnr 1/426 Flatøy

| | |
|---|---|
| Tiltak: | dispensasjon og løyve til tiltak i eitt trinn - endring og riving av delar av bygg |
| Byggjestad: | Gbnr: 1/426 |
| Tiltakshavar: | Mette Robertsen |
| Ansvarleg søkjar: | Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As |

Vi har motteke søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense mot kommunal veg, pbl § 29-4 avstandskrav til kommunen sin eigedom (kommunal veg), samt frå krav om felles utbyggingsplan gjeve i reguleringsplan Flatøy Aust § 2 bokstav a).
Omsøkte dispensasjonar er naudsynte i samband med at det er ønske på påbygg og riving av delar av eksisterande bustad på nyetablert eigedom gbnr 1/426.

Bustaden er SEFRAK-registrert med SEFRAK-ID 1256-0204-009, bygningsnr. 175996133, bygning frå før 1900. Våningshus, Østergården, Flatøy.

Tiltaket er nabovarsla, utan at det er komt inn merknadar frå varsla naboar/gjenbuarar.

Det ligg føre ei anonym melding i saka der det vert orientert om at bustaden er SEFRAK-registrert, dette til orientering, merknaden ligg ved.

**Planstatus**
Eigedomen er omfatta av reguleringsplan for Flatøy sør/aust, planid.: 125619971015.
Eigedomen ligg innan felt B8 og er avsett til bustadføremål. Gjeldande plan har byggegrense mot senterline kommunal veg. Eksisterande bustad er eldre og ført opp før planen vart vedteken.

Planlagt tiltak medfører ikkje at bygget kjem nærare på veg enn dagens situasjon, men då bustaden ligg i strid med regulert byggegrense mot veg vil det for eit kvart tiltak som er i strid med byggegrensa krevjast at det vert søkt om og ligg føre dispenasjon frå regulert byggegrense.

Eigedomen er vidare omfatta av kommunedelplan for tidlegare Meland kommune område 810_6 område med krav om utarbeiing av områderegulering.

**VURDERING**

Før saka vert handsama vert søknad sendt på høyring i høve kulturminne og i høve veglova.
Vi ber om at respektive mynde kjem med uttale i høve sitt lovverk.

Vår handsaming av søknaden vil i stor grad avhenge av dykkar uttale i saka.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Eilin Houlison Molvik<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om tillatelse i ett trinn - dispensasjon - endring og riving av delar av bygg - gbnr 1/426 Flatøy
Kvittering for nabovarsel
Opplysninger gitt i nabovarsel
Situasjonsplan
Tegning - Eksisterende fasade sørvest og sørøst
Tegning - ny fasade nordøst og nordvest
Tegning - ny fasade sørvest og sørøst
Tegning - Eksisterende fasade nordøst og nordvest
Tegning - ny fasade Perspektiver
Tegning - eksisterende plan 2. etg
Tegning eksisterende plan - fundament
Tegning eksisterende plan 1. etg
Tegning ny plan 1. etg
Tegning ny plan 2. etg
Tegning eksisterende snitt i trapp
Tegning nytt snitt i trapp
Følgeskriv - Vurdering av unntak fra TEK17
Merknad - gbnr 1/426 Flatøy

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As | Hagellia 6 | 5914 | ISDALSTØ |
| Mette Robertsen | Åstveitskogen 42 | 5113 | TERTNES |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alver Kommune v/Samferdsel, veg, vatn og avløp | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
| Vestland Fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | Bergen |